



NOTAT

Til: Fylkesordføraren
Frå: Fylkesrådmannen

Dato: 15. mai 2015
Arkivsak:
Arkivnr.:

Kapitalforvaltning i HFK

Spørsmål til fylkesutvalsmøtet 19. mai frå fylkesvaraordførar Mona Hellesnes:

Har dei etiske retningslinjer for Hfk sin kapitalforvaltning vilkår som gjeld natur og miljøomsyn?
Korleis vert retningslinjene følgt opp i praksis når det gjeld slike vilkår?

Svar:

Reglementet for finansforvaltning i Hordaland fylkeskommune har ikkje vilkår som gjeld natur og miljøomsyn.

Det er teke inn ein generell regel i Finansreglementet om at «Finansverksemda skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og regelverk, samt god forretningskikk.» Elles er det risiko, likviditet og avkastning som er vektlagt.

Spørsmålet gjeld korleis kapitalen vert plassert og kva omsyn som då vert tekne.

Dei seinare åra har fylkeskommunen plassert all likviditet som bankinnskot i DNB i og med at avtalen med DNB har gitt betre avkastning enn alternativ plassering i marknaden.

Finansreglementet som fylkestinget har vedteke set skrankar for korleis kapitalen kan plasserast. I reglementet er det opna for følgjande plasseringsmåtar utover bankinnskot:

- Sertifikat utferda eller garantert av den norske stat
- Lån til kommunar og fylkeskommunar
- Lån utferda eller garantert av finansinstitusjonar med minimum rating BBB
- Andelar i pengemarknadsfond

Det er ikkje opna for å plassere ledig kapital i aksjar.

Som det går fram ovanfor, er det lagt avgjerande vekt på å ha låg risiko ved plassering av fylkeskommunen sine likvide midlar.